



Statens vegvesen

Kvinnherad kommune

5470 ROSENDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Guri Finne Sognnæs / 56520284

Vår referanse:
17/145345-12

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.04.2018

Statens vegvesen sin uttale til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet – Kvinnherad kommune – Planident 1224 20170006

Syner til dykkar oversending som vart motteke 27.10.2017. Syner også til kommunikasjonen mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Kvinnherad kommune og Norconsult via e-post, telefonar og møter.

Statens vegvesen uttaler seg med bakgrunn i rollen som vegadministrasjon for fylkeskommune i fylkesvegsaker, samt statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljøulemper knytt til veg- og vegtrafikk.

Me uttaler oss til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet – Kvinnherad kommune – Planident 1224 20170006. Statens vegvesen sine hovudinteresser er knytt til planlagt forlenging av fylkesveg (fv.) 62 og tilhøyrande bruer, men kjem også med råd knytt til våre sektoransvar (sjå avsnitt over).

Kvinnherad kommune har informert om at det skal gjerast ytterlegare endringar i planforslaget som vart lagt fram til offentlig ettersyn oktober 2017. Difor vert detaljreguleringsplanen for Fjelbergsambandet sendt ut på ei ny avgrensa høyringsrunde for dei aktuelle høyringspartane. Sidan Statens vegvesen er ein av dei aktuelle høyringspartane vil me i denne uttalen berre koma med overordna merknadar. Ved neste høyringsrunde, og når fråvika frå Statens vegvesen sine vegnormalar er handsama, vil Statens vegvesen kome med meir konkrete merknadar til det vegtekniske, bruene osv.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Våre merknadar

- Statens vegvesen og vegeigar (Hordaland fylkeskommune) har kome fram til at fv. 62 på Fjelbergøy og Borgundøy skal planleggast som vegklassen Sa2 etter handboka N100 «Veg- og gateutforming». Val av dimensjoneringsklasse er tatt på bakgrunn av framskriven årstdøgntrafikk (ÅDT), kostnadar og for å avgrense inngrepa i natur og landskap.

Fylkesvegen er planlagt slik at den ikkje stettar alle krava til vegklasse Sa2 og det må søkast om fråvik frå Statens vegvesen si handbok N100 «Veg- og gateutforming». Desse fråvika skal handsamast hjå Statens vegvesen si fråviksgruppe og eventuelt vidare til politisk handsaming i fylkestinget. Med fråvikssøknadane skal det fylgje med ei samla risikovurdering av fråvika. Sakshandsaminga og risikovurderinga vil avdekke om den planlagde fylkesvegen er forsvarleg planlagt med omsyn til trafikktryggleik og framkome. Fråvikshandsaminga kan forårsake at det må gjerast ytterlegare endringar i plankartet.

- Ein er opptatt av at det skal vera eit tilbod for gåande og syklende på Fjelbergøyene. Saman med vegeigar og konsulent har me vurdert ulike forenkla gang- og sykkelløysingar. Ei løysing kan vera fortau med skrå kantstein (eller anna slitesterkt materiale), som er avvisande for parkering av bilar langs fylkesvegen og skil mjuke og harde trafikantar.

Konsulenten må vurdere om det kan etablerast eit gang- og sykkeltilbod på heile vegstrekninga med omsyn til dei økonomiske rammene og om det kan gjennomførast etter planlagt stigning og vegbreidde. Eventuelt må det etablerast eit tilbod der det er størst behov.

I planskildringa er det i figur 6 illustrert ei gang- og sykkelløysing med ei breidde på 1,5 m. I plankartet er derimot gang- og sykkelarealet teikna inn med 2 m. Statens vegvesen går difor ut i frå at fortauet får ei breidde på 2 m.

- Eksisterande fv. 62 har haldningsklasse 3 etter «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrense på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013–1016». Avkøyrslar og kryss i plankartet må utformast etter Statens vegvesen sine handbøker. Me ber om at flest mogleg avkøyrslar vert sanert (sett vekk i frå landbruksavkøyrslar).
- Møteplassar kan ikkje fungera som busshaldeplassar. Det må vera sett av eige areal til busslommer/kantstopp.

- Statens vegvesen har i denne omgangen ingen konkrete merknadar til dei to planlagde bruene. Det er vanskeleg å uttale seg når det ikkje er gjort grunnundersøkingar. Resultatet frå grunnundersøkingar kan fort føra til endringar i det som no ligg føre. Statens vegvesen ynskjer med dette ei tilbakemelding frå Kvinnherad kommune på kvartid det er tenkt å gjennomføra grunnundersøkingar.

Statens vegvesen har ikkje fleire merknadar i denne omgang. Når det er gjort ytterlegare endringar i planforslaget vil me vurderer om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen. Lykke til vidare med planarbeidet!

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl-Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Guri Finne Sognnæs

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN